



Else Marie Nødtvedt
Radøyvegen 1552
5936 Manger

Referanser:
Dykkar:
Vår: 22/9054 - 23/6103

Saksbehandlar:
Anngunn Marie Gullbrå
anngunn.gullbra@alver.kommune.no

Dato:
23.01.2023

Adresseendring og adressefordeling Radøyvegen 1550 GBNR 449/32

Administrativt vedtak: Saknr: 087/23

VEDTAK:

Med heimel i Lov nr 101 av 17. juni 2005 om eigedomsregistrering (matrikkellova) § 21 og tilhøyrande forskrift kap.12, og felles kommunale retningslinjer til lovheimelen for kommunar i regionen Nordhordland og Gulen, har Alver kommune gjort følgjande adresseendring og adressefordeling:

Gbnr	Brukseining	Eks adresse/ husnr.	Ny tildelt adresse/husnr.
449/32	H0101 (Hovud)	Radøyvegen 1550	1550A
449/32	H0101 (Utleige)	ingen	1550B

Kommunen har registrert vedtaket i det nasjonale adresseregisteret Matrikkelen.

Adressefordelinga til 1550B har trådt i kraft, medan endringa av 1550 til 1500A, vil verte registrert 3 veker frå dette brevet, dersom vedtaket ikkje vert påklaga.

Saka gjeld

I samband med godkjent IG for bruksendring frå næringsbygg til bustadbygg vert det behov for fordeling av ei ny adresse. Det er opplyst at det er ei hovudbueining i bygget, og ein hybel. Då desse har kvar si ytre inngangsdør skal desse ha tildelt kvar si offisielle adresse.

Vurdering

Dette bygget får to bueningar og vert då registrert som bygningstype 112- einebustad med hybel/ sokkelleilighet i matrikkelen. Vår praksis ved adressefordeling av einebustader med


utleige er å tildela A og B til husnummerer, der A vert tildelt hovudbueininga (Der slik er definert).

Ansvarleg søkjar har opplyst kva for inngangsdører som vert rett å bruka til bueningane.

Tildeling av adresse er i tråd med retningslinjer for adressetildeling og adresse vert difor tildelt. Vegen som eigedommen har tilkomst frå har adressenavnet Radøyvegen.

Offentlege etatar hentar opplysningar om adresseendringa frå matrikkelen. Eventuelle private kontaktar må de melda adresseendringa til sjølv.

Adressa viser også på kartutsnitt under.



Eigar er ansvarleg for å merke adressa med godkjendt husnummer-skilt med svarte tal på reflekterande botn (sjå døme) og i nokre tilfeller også eventuelt nødvendig tilvisings-skilt.



Du finn meir informasjon om slike skilt på kartverket sine nettsider:

<https://www.kartverket.no/eiendom/adressering/skilting-av-adresser>

Regelverk

- Lov nr 101 av 17. juni 2005 om eigedomsregistrering (matrikkellova) § 21
- Forskrift om eigedomsregistrering (matrikkelforskrifta) Kap. 12.
- Felles kommunale retningslinjer til lovheimelen for kommunar i regionen Nordhordland og Gulen

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegeringsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentlig forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: «ArkivSakID»

Med vennleg helsing
Alver kommune, Kart og oppmåling

Tommy Veland
Avdelingsleiar

Anngunn Marie Gullbrå
avdelingsingeniør

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Else Marie Nødtvedt

Radøyvegen 1552

5936 Manger